

Alle tekstane på Amerika-albumet

1. Evig jag

Så ka har eg lært på ferda? At uansett kva ein ska' i verda,
så må du kome deg opp og fram, skrike høgast, vere kronisk
førstemann, vere den som vann.

Slik går den her, Og alt det gode som var så nær.
Det druknar i ein straum, svinne dag for dag.
I eit evig taktlaus, eit evig ego-jag.

Du må'kje lære guten å bli snill. Du må'kje takke ein gong til
Du må kje gjere det mor di sa, du er blitt ein annan enn du va,
langt heimefrå.

Slik går den her, Og alt det gode som var så nær.
Det druknar i ein straum, svinne dag for dag.
I eit evig taktlaus, eit evig nederlag.

Evig jag, eit evig, evig jag, Evig jag, eit evig, evig jag

Slik går den her, Og alt det gode som var så nær.
Det druknar i ein straum, svinne dag for dag, i ein evig taktlaus spel,
eit evig ego-jag

Slik går den her, Og alt det gode som var så nær.
Det druknar i ein straum, svinne dag for dag.
I eit evig taktlaus, eit evig evig jag, åååå...

2. Amerika

Største guten i klassen, tar telling no.
Midt på skuleplassen, renn det snørr og blod.
Alle står og ser på, det er her det skjer no.

Går du over streken, blir det pryl å få.
Høyr på kva dei seier, dei store passar på.
Men det er ikkje lett å få da te, når alle dei små vil vere med.

Amerika, Amerika
Har du det bra, Amerika?
Så altfor stor, og altfor sta, vår storebror - Amerika

Den vesle krummar nakken, og tek imot slag for slag.
Han kunne gått i bakken, men har visst flaks i dag.
Ingenting å tape, har fått overtaket.

Amerika, Amerika
Har du det bra, Amerika?
Så altfor stor, og altfor sta, vår storebror - Amerika

Ååå, du var den kulaste av oss.
No er du ein stor og tung koloss.
Ingen veit korleis det har skal gå.
Det vart for mykje å passe på.

Amerika, Amerika
Har du det bra, Amerika?
Amerika, Amerika
Har du det bra, Amerika?
Så altfor stor, og altfor sta, vår storebror - Amerika

Amerika, Amerika
Har du det bra, Amerika?
Så altfor stor, og altfor sta, vår storebror - Amerika

3. Naboen

Eg flytta ut på landet, og eg flytta langt.
Bylivet lokka ikkje lenger, ikkje sant?
No skulle eg nyte naturen, og ta livet som det kom.
Men det var krefter her eg ikkje ante noko om.

Eg famna om det gode livet, skulle byrje på nytt.
Eg ville tenkje og leve, der eg før hadde sytt.
Kanskje plante eit tuntre, dyrke åker og eng.
Leve i takt med jorda, jobbe som min eigen dreng.

Ååå, men eg hadde ikkje før svinga øksa, og kvista ei ørlita bjørk.
Hadde nett stukke nye spaden i jorda, og hengt klesvaska ute til tørk.
Då ringde naboen, då ringde naboen.
Og han truga med mauseren, den galne naboen

Då sjokket hadde lagt seg og eg våga meg ut,
var min landlege idyll blitt mi livs største sut.
Å, eg sukka og angra, og eg grein natt og dag.
Men uansett kva eg gjorde, så vart alt eit evig nederlag.

Ååå det var dagar i angst og spenning, det var terror og krig på ein gong.
Ååå, om eg snudde meg rundt i senga, om eg nynna ein ørliten song.
Då ringde naboen, då ringde naboen.
Og så var det på'an igjen, med den galne naboen.

No har det gått 15 år, og naboen er ikkje meir.
Han endte sitt traurige liv i møte med ein endå sintare vêr.
Kvar kveld sit eg og skålar, mot det tomme nabohus.
Livet er fantastisk, eit svev i lykkerus..

Men brått ein dag stod bilen der, ein fyr i fine kle
sprada rundt og og reinska og fjåga og fjelga, ja han gjorde nett som han ve'..

Då ringde eg naboen, ja då ringde eg naboen
og ba han ha seg heimatt til by'n igjen! Den nye naboen!

4. Linedansar

Du løfter blikket frå dei andre, og strekker lina gjennom.
Og alle ser ein annan veg.
Så går du varsomt utfor stupet, og kvart sekund vert ein evigheit,
og kvart eit steg tek deg lengre vekk

For vi er berre prikkar på jorda,
Der du balanserer mot sola.
Kom ned, kom ned igjen, kom ned igjen, kom ned!
Du treng ikkje gå te du blir svimmel,
du treng ikkje nå heilt i himmelen.
Kom ned, kom ned igjen, kom ned igjen, kom ned...

Dei gjekk ifrå deg, der du låg, med skit og grus i åpne sår.
Og ingen venta og ingen såg..
Men no er alt snudd opp ned, vi får nesten ikkje auge på deg,
og vi veit nesten ikkje kva som skjer.

For vi er berre prikkar på jorda,
Der du balanserer mot sola.
Kom ned, kom ned igjen, kom ned igjen, kom ned!
Du treng ikkje gå te du blir svimmel,
du treng ikkje nå heilt i himmelen.
Kom ned, kom ned igjen, kom ned igjen, kom ned...

Om vi står på tå, vil vi nå opptil deg?
Hvis vi let deg gå, vil du då klare deg?
Hvis vi ropar no, ser du ein annan veg?
For det er ingen her som kan stoppe deg
For ingen av oss veit kva som går føre seg
Og ingen av oss veit om du faller ned

For vi er berre prikkar på jorda,
Der du balanserer mot sola.
Kom ned, kom ned igjen, kom ned igjen, kom ned

Du treng ikkje gå te du blir svimmel,
du treng ikkje nå heilt i himmelen.
Kom ned, kom ned igjen, kom ned igjen, kom ned...

5. Du og dei andre

Eg plukka opp ein stein, den var rund og fin.
Og så heiv eg langt, heilt bort til hagen din.
Eg tenkte: Kanskje no, no blir du imponert
Kanskje blir eg kul, kanskje invitert.
Men du såg ein annan veg, du såg ein annan veg, du såg ein annan veg..

No står eg her og ser på dei andre.
Står alltid her og ser på dei andre.
At det slik kan ingen forklare.

Alt er som før, det er du og dei andre.
Ååå, Du og dei andre. Ååå

Eg klatra høgt til vers, i ei gammalt tre.
Det var vått og kaldt. Det var langt langt ned.
Eg tenkte kanskje no, no vil det sikkert gå.
Om eg ropar høgt, om du ser meg då?
Men..du såg ein annan veg, du såg ein annan veg, du såg ein annan veg..

No står eg her og ser på dei andre.
Står alltid her og ser på dei andre.
At det slik kan ingen forklare.
Alt er som før, det er du og dei andre.
Ååå Du og dei andre. Ååå
Ååå ooo Du og dei andre. Ååå ooo

For eg står alltid her og ser over gjerdet,
ser over gjerdet, mot der eg helst vere.
Er alltid her men kan ikkje forandre,
alt er den same, det er du og dei andre..

6. Julia

Livet fløymer over, fyller glød i alle far.
Treffe tomme sansar, stele pusten frå ein kar.
Fangar alle blikka på din veg.
Det er ingen her som dansar slik som deg.

Bak ligg alle tankane, og krav som ingen ser.
Rart korleis det her blir gløymt, men det som skjer det skjer.
For krefter strøymer mot meg utan stans.
Dreg meg med ein aller siste dans.

La la la la Julia,
La la la la Julia,
La la la la Julia..
Å ja, å ja Julia!

I draumen var du berre min, og smilet ditt var mitt.
Men her luskar andre ulvar rundt og frir med spelet sitt.
Eg drysser raude roser på din veg.
Du ler og renne sverdet gjennom meg...

La la la la Julia,
La la la la Julia,
La la la la Julia..
Å ja, å ja Julia!

7. Dans med meg

Eg ser du står, du står og ser ein annan veg enn meg...igjen.
Kor skal du gå, kven er den venen som du venter på? Du kan sei det no..

Mine draumar, dei fraus til is, men eg ber deg likevel før du går din veg.

Dans med meg, berre danse slik vi gjorde då.
Før alt vart så vanskeleg, og vegen vart så tung å gå.

Du står og skin, ditt ansikt lyser som eit glimt av vår etter kalde år.
Så altfor fin, nett som eg aldri såg då du var min, den gongen då.
Alle kampar, dei sleit oss ut. Alle draumane om deg tok ein annan veg.

Dans med meg, ja danse slik vi gjorde då.
No er alt vart så vanskeleg, og vegen vart så tung å gå

Sjå på meg før du går.
Snu deg, det er her eg står.

Og dans med meg, danse slik vi gjorde då.
No er alt så vanskeleg, og vegen vart så tung å gå.

Dans med meg, danse slik vi gjorde då.
No er alt så vanskeleg, og vegen vart så tung å gå.

8. Synst du at livet er lett?

Synst du at livet er lett?
Ja då har du eit lite problem.
Då stiller dei seg opp for å gje deg råd,
mot alt som du ikkje visste om.

For alt skal jo være perfekt,
og helst skal det koste dyrt.
Men ingen har råd til å feige ut,
for tenk på kva dei andre vil sei.

Men kva om alle song ein annan song,
der alle tonane var lov?
Ja berre sveve utan dette strevet.
Og segle sjøen slik ein ve, ein gong te.

Syns du at dagen var fin?
Ja då er det sikkert noko du har gløymt.
Eller slite du med ein sosial defekt,
som gjer at du føler deg fornøgd

For helst skal ein være litt sur,
og smilet er kun ironi.
Så får du beskjed om å roe ned,
slik at dei kan få kjede seg i fred

Men kva om alle song ein annan song,

der alle tonane gjekk an?
Ja berre sveve, utan dette strevet.
Og springe berrføtt om ein ve, ein gong te.

Men syns du at livet er eit evig jag,
ja då kan du puste letta ut.
Då har du fast plass i klagekoret,
der alle andre lyttar når du ber om ordet..

9. Det finaste eg har

Når eg har gått heile dagen, og eg lengtar mot andre kår.
Når alle stiar forsvinne, når det er natt og mørkret rår.
Då let eg tankane sveve, og ta meg med til ei anna tid.
Berre lengte og leve, heile vegen, heil og fri.

Over land, over hav, har eg med meg alle dei orda du sa
og alt du gav. For minna frå tida som var, det er det finaste eg har.
Finaste eg har. Finaste finaste eg har...Ooo

Kan du sjå når eg drøymmer, kan du vente andre går?
Vil du la meg få kvile, vil du lindre mine sår?
Vil du du komme tilbake, får vi dele ei stund til ilag?
Kan du høyre eg ropar? Kan du høyre mine hjerteslag?

Over jord, over fjell. Du min engel, høyrer du meg likevel?
Så langt av stad. Og eg lengtar etter alt det som var, og det finaste eg har.
Finaste eg har. Finaste finaste eg har. Ooo

Ein gong, ein annan dag, berre ei siste stund ilag.
Berre eit lite glimt, og eg hadde gitt alt...
Ein gong, berre eit sekund, la meg få gløyme ei lita stund!
Eg hadde eit hav av tid, men du for jo så fort forbi..

Over land, over hav, har eg med meg alle dei orda du sa
og alt du gav.
For minna frå tida som var, det er det finaste eg har.
Finaste eg har. Finaste finaste eg har. Ooo..

10. Sommarnatta

Sommarnatta skifter spor frå sølv til gull.
Eg svevar over stiar, ør og tankefull.
Mens fuglane dei synge, for fyrste gong i år.
Det einaste eg hugsar er smilet frå i går, og ditt lyse lange hår.

Eg flyte gjennom sommareng og doggvått gras,
og morgonsola helsar meg i all sin stas.
Mens verda sakte gløymer alt regn som falt i går,
så går eg her og drøymmer, og gløymer gamle sår.
Å, for fyrste gong i år.

Men om tvilen kjem og tek meg, og stele varmen frå mitt blod.
Då ser eg for meg smilet ditt og porten der vi stod..

Å at eg skulle kjenne slik ein hjartebrann,
så voldsom at eg nesten ikkje puste kan.
Det stige opp frå djupet, og strekker meg på tå.
Og tek meg der der trudde, eg aldri kunne nå.
Der eg aldri skulle gå.

Å såg du deg tilbake, eller var det berre leik?
At hjartet framleis bankar er det einaste eg veit.

Sommarnatta bleiknar bort i morgonlys.
Eg spring dei siste stega mot mitt tomme hus.
Og fuglane dei synge, for fyrste gang i år.
Eg kjenner enno varmen frå smilet ditt i går, og ditt lange lyse hår.